

21 JUN 2017



VOSA
JAZZ

The logo consists of the word "VOSA" stacked above the word "JAZZ". Both words are written in a bold, black, sans-serif font. They are centered within a large, semi-transparent circular overlay. This overlay is composed of two concentric circles: an inner circle in a darker shade of red and an outer circle in a lighter shade of orange. The background of the entire page is a solid dark red.

ÅRSMELDING

2016

18. - 20. mars 2016



Dave Holland

Den 43. festivalen vart skipa til i palmehelga, 18. - 20. mars. I løpet av festivalen fann nær 60 tilskipingar stad der i alt 43 band medverka. 186 profesjonelle musikarar pluss over 100 born, gjennom deltaking i dei ulike konsertane på Badnajazz, sytte for store musikalske opplevingar frå 16 ulike scenar, både inne og ute. Tal besøkande var om lag 5 000. Med godt besøk på gratiskonsertar, gjester, akkreditert presse, musikarar og medarbeidrarar hadde festivalen total rundt 15 600 konsertbesøk. 216 medarbeidrarar sytte for at gjennomføringa av Vossa Jazz gjekk etter planen.

Når vi avslutter den 43. Vossa Jazz med å reise hjem på toget mandag kl. 13.13 mot Oslo, er det med vissheten om at vi har opplevd en av de aller beste Vossa Jazz-festivalen de siste ti årene. Programmet i år har vist en sjangermessig og publikumsmessig bredde – noe som har medført at så godt som alle konsertene vi har vært innom på fredag og lørdag har skjedd foran stinn «brakke».


Johan Hauknes, Salt-Peanuts



Ruth Lillegraven

Nyskapande

Vossa Jazz sin profil femner om jazz, folkemusikk og verdsmusikk. Festivalen skal vera nyskapande og gje publikum nye musikalske opplevingar. For niande året på rad opna festivalen med nyskriven poesi. I år var det Ruth Lillegraven som stod for opninga.



Nils Økland

Tingingsverket

Sentralt under festivalen stod som alltid Tingingsverket. Det 35. verket hadde tittelen «Glødetrådar» og var komponert av Nils Økland. Han tok utgangspunkt i bandet han har jobba mykje saman med: Mats Eilertsen (bass), Rolf-Erik Nystrøm (saksofonar), Sigbjørn Apeland (tangentar) og Håkon Mørch-Stene (trommer, perkusjon). I tillegg utvida Økland bandet med Torbjørn Økland (trompet), Per-Steinar Lie (gitar), Ørjan Haaland (trommer) og Kjetil Ullern på lyd.

Vossa Jazz excels at exploring the symbiotic relationship between past and present, between folk and jazz as practised and understood in Norway and elsewhere. These dualities are a defining element of this one-of-a-kind festival and the 2016 edition was no exception.

Ian Patterson, All About Jazz

Nye produksjonar i 2016:

- Nils Økland:
Tingingsverket «Glødetrådar»
- Stein Urheim:
«Travelling with
the Cosmolodic Orchestra»
- Gabriel Fliflet:
«Rose»
- Olav Undeland:
«Det musikalske huset»
med Badnajazzkoret
- Finn Erix med gjester:
Avbestillingsverket «Ras»



Finn Erix med gjester

Scener

Park har fire scener, mellom anna hovudscena Vossasalen. I tillegg er Gamlekinoen ei viktig scene for festivalen. Me serverer konsertar inne i storsalen og i foajeen og utafor er det kafé med sal av lokalprodusert mat og drykk. Osasalen, Vangskyrkja og utekonsert på torget er også faste konsertarenaer.

*Festivalen er basert på dugnadsånd, og det merkes. Hele bygden deltar.
Det gir Vossa Jazz en følelse av fellesskap og intimitet ikke alle festivaler kan matche.*

Mikal Hem, BT 20. mars

Tilbod for alle

Vossa Jazz skal gje musikalske opplevelinger utanom det vanlege, for alle, og laurdag føremiddag var det Superjazz for sjuande år på rad. Målgruppa er personar med funksjonshemminger. I tillegg har me konsertar, parade og eige Tingingsverk for, av og med born. Årets nye produksjon for Badnjazz var laga av Olav Undeland og saman med Badnjazzkoret og band som bestod av Anders Bitustøyl (musikalsk leiar, bass), Eirik Askerøi (gitar), Øystein Bergsvik (trommer), laga dei ein fantastisk konsert som handla om "Det musikalske huset" og alt det rare som skjedde der.



Superjazzarar



For ungdomen var det konsert med Jazzlinja i Trondheim, bandet Lokomotiv. For niande år på rad inviterte me elevar frå ulike skular til å vera publikum. I tillegg held Ida Habbestad og Grethe Melby kritikkarkurs for elevane ved musikklinja på Voss Gymnas. Det var òg Vossajassbox i sentrum med breakdance, skating og Stor overraskelese som rappa.



Lokomotiv



Breakdance på Vangen



Festivalkunst av ulik art

For andre gong hadde me konsert i vindtunnelen på Voss. I tett samarbeid med fykarar frå Voss Vind spelte trommis Gard Nilssen solokonsert og saman laga dei ei underhaldande, akrobatiske og audiovisuell oppleving for store og små jazzarar.

Eldrejazz er òg ein institusjon og nytt av året var at det vart lagt opp ein turné slik at musikken skulle nå ut til fleire eldre. Valerina Fortes Orkester stod for hat-trick denne dagen; først konsert på Voss sjukeheim, så til Velferdssentralen og fin avslutning på Hagahaugen.

Tegneklubben er eit samarbeidsprosjekt og fire av kunstnarane, Terje Nicolaisen, Martin Skauen, Bjørn Bjarre og Ulf Carlsson, deltok på Vossa Jazz. Klubben er eit kollektivt prosjekt som vektlegg improvisasjon, eksperiment og samarbeid. På Vossa Jazz reflekterte dei over konsertar, musikarar og folkeliv gjennom teikning og collage.

Linda Eide og Sjur Hjeltnes samla folk til piloten Melodi Grand Jazz i Drosjebua laurdag og sundag. Her vart publikum kulturhistorisk opplyst om koplingar mellom jazz og Melodi Grand Prix. Målet var å få jazzarane til å hata Grand Prix litt mindre.

I samarbeid med Voss Kunstlag og Vekselbanken vel me festivalkunstnarar mellom masterstudentane på Kunst- og Designhøgskolen i Bergen. **Christoffer Eide** var årets kunstnar og hans festivalutstilling var ei forlenging av masterprosjektet «No rest for the wicked».

Seminaret **Vossakveik** vart skipa til i Gamlekinoen torsdag før Vossa Jazz. Tema var «Utvikling i sentrum» og Frank Aarebrot og Alexandria Algard, arkitekt og president i Norske Arkitekters Landsforbund, hadde innlegg og deltok i debatt om kvar som er rett veg å gå i samband med utvikling av regionen generelt og sentrum spesielt. I tillegg hadde Putte Svensson, kulturentreprenør frå Sverige, eit forrykande innlegg. Musikalske innslag fekk me servert av Tingingsverkomponist Nils Økland pluss improkonsert med Bjørn Alterhaug og Vigleik Storaas.

Prisar

Kvart år deler Vossa Jazz og Hordaland fylkeskommune ut Vossa Jazz-prisen som skal gå til den musikaren i fylket som har gjort seg mest bemerkja gjennom året. Den 29. prisen i rekka gjekk til Øyvind Skarbø. I tillegg vart den 15. Badnjazz-prisen gjeven til Hedvig Røhnebæk for hennar arbeid med born og unge i Voss skulemusikk.

Presse

Vossa Jazz 2016 hadde 33 presseakkrediterte, fire av desse var utanlandske. Det var god dekning og ekstra gledeleg at NRK radio var tilbake med fyldig dekning både i eigne program og gjennom konsertopptak av opningskonserten og Tingingsverket. NRK P2 ved Jazzklubben og Kulturhuset, NKR Hordaland, Vestlandsrevyen, avisar Hordaland, BT, Dagsavisen, All About Jazz, Downbeat, Jazznytt og www.saltpeanuts.eu var på Vossa Jazz.

Voss is a fine place to go for anyone curious about this thing called Norwegian jazz

Joe Woodard, Downbeat

Vossa Jazz gjennom året

Badnjazzkoret øver ein gong i veka i haust- og vårsemesteret og over 40 born har vore med. Borna har opptradd på Amfi, Vettleflatens omsorgssenter og på Jolajazz saman med Razika. Vossa Jazz har òg skipa til badnakonsert med «Skakke sanger» med Johan Egdetveit, Britt Synnøve Johansen og John Lilja. Det var om lag 50 publikummarar i Voss Ungdomshall som fekk med seg ein litt skummel, men kjekk, konsert. I september var me teknisk arrangør då Helene Bøksle vitja Voss for første gong. I november var Vossa Jazz med å skipa til jazzkonsert med Tore Brunborg, Ivar Kolve og Bjørnar Tveite Kaldefoss i samband med at Voss Gymnas feira 100 år! I desember presenterte me Vintersong med Sigrid Moldestad i Gamlekinoen.

Vossa Jazz 2016
Årsmelding

- **Årets beste jolafest** som garanterer god musikk og kjente fjes, skipa me til 5. joledag på Park. På programmet til årets Jolajazz stod Razika, Hullyboo med Tore Brunborg, Bjørnar Brandseth og Voss kraftlag. Me starta tradisjonen tru med Badnajolajazz tidleg på dagen, musikken stod Razika og Badnajazzkoret for. Etter konserten var det gratis kaffi, vaflar og saft til store og små. I tillegg kom nissen. Også i år.

Økonomi – offentlege tilskot

Vossa Jazz fekk kr. 1 200 000 frå Norsk kulturråd, kr. 341 000 frå Hordaland fylkeskommune (pluss kr. 30 000 til Vossa Jazz-prisen) og kr. 275 000 frå Voss kommune i driftstilskot. I tillegg fekk festivalen komponiststønad frå Norsk Kulturråd.

Vossa Jazz er eit av lokomotiva i det norske jazzmiljøet og det er viktig at det offentlege òg ser rolla festivalen har lokalt, regionalt og nasjonalt. Det er særskilt viktig at me vert sikra ei oppjustering av tilskota framover, då offentleg medverknad er avgjerande for vidare kunstnarleg utvikling av Vossa Jazz og kontinuitet i arbeidet. Auka løvingar frå det offentlege vil vera med på å sikra høgt kunstnarisk nivå og føreseieleg og langsiktig planlegging. Det er kostnadskrevjande å vera nyskapande og involvera mange ulike aktørar lokalt og nasjonalt. Skal Vossa Jazz halda fram med det høge tal nye produksjonar må løvingane oppjusterast.

Styremedlemmer 2016/2017

Kathrine Løno Lahlum (leiar), Magne J. Kalstad (nestleiar), Are Mossefinn Sandvik, Mads A. Indrehus, Hilde Magnusson, Berit Reppen Lorentzen (1. vara), Kari Høyland (2. vara), Anders Ullestад (3. vara).

Festivalråd 2016-festivalen

Are Mossefinn Sandvik (leiar), Kari Høyland, Berit Reppen Lorentzen, Terje Støve, Silje Svartveit, Brit Aksnes, Lars Finborud, Svein Støve, Ingrid Nestås Mathisen, Perline Dugstad.

Administrasjon

Kari Trana har vore tilsett i 80 % stilling som marknads- og organisasjonskonsulent, frå 1. august auka denne stillinga til 90%. Trude Storheim har vore tilsett som dagleg leiar i 100 % stilling.

Kort oppsummering av verksemda Vossa Jazz

Vossa Jazz skal ha som føremål å stimulera interessa for jazz og nærliggande musikkformer, både for tilhørarar og musikarar. Vossa Jazz skal i særleg grad stimulera til nyskaping og utvikling av nemnde kunstområde. Hovudverksemda skal vera å skipa til ein årleg jazzfestival på Voss. Vossa Jazz skal òg engasjera seg i kunstproduksjon og -formidling gjennom året. Vossa Jazz skal gjennom sitt virke freista å fungera som eit alternativ til den einsidige kommersielle kulturspreiinga. Vossa Jazz har hatt utviklingsaktivitetar i 2016 og sytt for at det til festivalen vert skapt ny musikk og spanande tilskipingar. Me har tilbod for born og unge gjennom året.

Vossa Jazz er lokalisert på Voss. Omsetninga var i 2016 på 6 056 624. Årsresultatet syner eit underskot på -54 669 som blir dekka av overføring frå opptent eigenkapital. Eigenkapitalen per 31.12.2016 er på 871 023.

Årsrekneskapen for 2016 er sett opp under føresetnad om framleis drift. Det vert med dette stadfesta at føresetnad om framleis drift er til stades.

Styret meiner at arbeidsmiljøet er tilfredsstillande, det har ikkje vore skader eller ulykke i 2016. Vossa Jazz har to tilsette, begge kvinner. Styret med vara-medlemmer består av fire kvinner og fire menn. Vossa Jazz handsamer kvinner og menn likt.

Vossa Jazz si offisielle målform er nynorsk.


Vossa Jazz jobbar aktivt for godt miljø.

Voss 3. mai 2017


Kathrine Løno Lahlum
Styrelseleiar


Trude Storheim
Dagleg leiar


Magne Kalstad
Styremedlem


Are Mossefinn Sandvik
Styremedlem


Hilde Magnusson
Styremedlem

Mads A. Indrehus
Styremedlem